

## Kommunane vil stille krav om revisjon av Sundsbarmkonsesjonen

I 1959 kom det inn ei endring i Vassdragsreguleringslova slik at det blei høve til å krevje konsesjonsreglement revidert etter 50 år. Seinare er denne tida forkorta til 30 år. I Vest-Telemark er det opna revisjon av konsesjonen for regulering av Tokke-Vinjevassdraget, og nå vil Tokke, Kviteseid og Seljord kommunar be NVE om å opne revisjonssak for Sundsbarmreguleringa. Høvet til å krevje revisjon gjeld bare der konsesjonen er gjort evigvarande.

Konsesjonen for Sundsbarmreguleringa kom i 1963, og i 2013 er det derfor 50 år sidan konsesjonen blei gitt. For at NVE skal opne revisjonssak må det grunngjevast eit behov for det. Kommunane vil derfor invitere til grendemøte der folk blir oppmoda om å kome med sine meiningar og innspel. Det som kjem fram der vil også vera eit viktig grunnlag for utarbeiding av revisjonsdokument. Møta vil bli haldne etter følgjande plan:

<b>Høydalsmo:</b>	<b>Høydalsmo skule</b>	<b>Onsdag 13.2.2013</b>	<b>Kl. 19.00</b>
<b>Morgedal:</b>	<b>Morgedal grendehus</b>	<b>Tysdag 19.2.2013</b>	<b>Kl. 19.00</b>
<b>Seljord:</b>	<b>Kommunehuset</b>	<b>Onsdag 20.2.2013</b>	<b>Kl. 19.00</b>
<b>Langlim:</b>	<b>Grendehuset i Langlim</b>	<b>Torsdag 28.2.2013</b>	<b>Kl. 19.00</b>

Revisjonssak kan i prinsippet krevjast av alle som representerer ålmenne interesser. I dette tilfellet har kommunane teke på seg å representere desse interessene. Dei har derfor valt ei styringsgruppe og engasjert Faun Naturforvaltning ved Helge Kiland til å arbeide med revisjonssaka.

Høgaste og lågaste reguleringsvasstand (HRV og LRV) er ein del av sjølve konsesjonen og kan ikkje krevjast revidert. Nærare vilkår og retningsliner for revisjon av konsesjonsreglement er laga av Olje og Energidepartementet. Privatrettslege spørsmål som erstatningar eller annan form for kompensasjon for økonomiske tap skal vera oppgjort i tidlegare vassdragsskjønn og er ikkje noko tema for ei revisjonssak. Viktige tema for vilkårsrevisjonar er derimot ofte krav om minstevassføring og reglement for tapping og fylling av reguleringsmagasin.

I alle revisjonssaker vil det bli innført eit meir oppdatert punkt om standardvilkår for naturforvaltning. Standardvilkåra gjev Direktoratet for naturforvaltning eller Fylkesmannen høve til å pålegge visse tiltak, som biologiske undersøkingar, utsetting av fisk eller ymse biotopforbetringar. Dersom det blir opna revisjonssak vil i dette tilfellet Skagerak kraft/Sundsbarm kraftverk bli bedt om å lage eit revisjonsdokument som NVE vil legge ut på høyring. Revisjonssaka vil bli endeleg avgjort av Kongen i statsråd.

Fyresdal, 31.1.2013



Helge Kiland